

# ÅRSRAPPORT 2013

## FOR

### SØR-FRON SOKNERÅD

#### **SOKNERÅDET:**

Soknerådet består av:

Kristian Haave (leder), Synnøve Bø Hansen(nestleder), Helen Svelle, Edda Borgen, Karl Olsen, Tine Elisabeth Slang, Ivar Hovden, Berit Brenden Bredli og sokneprest Kristinn Ólason.

Vara: Aud Elinor Moheim, John Arne Fossehagen, Inger Elisabeth Pedersen, Jens Ove Isumhaugen og Nils Martin Voldberg

Kommunestyrets representant i kirkelig fellesråd er Arne Bredeveien.

Soknerådet har hatt 6 møter og behandla 57 saker.

Årsmøtet vart avvikla søndag 7. april i kapellet. Det var 27 frammøtte.

Magnar Elde heldt andakt over Salme 103 og Kristin Elde spelte piano til songane.

Vi hadde besøk av skodespelar Morten Jostad. Han kåserte over Søren Kierkegaard som var dansk forfatter, teolog og filosof og levde frå 1813 til 1855. Det var eit særskilt engasjerande og interessant kåseri.

Det vart servert kaffe, snitter og sjokoladecake.

#### **STABEN:**

Sør-Fron sokn har desse tilsette:

Kyrkjeverge	80 %
Organist	100%
Kyrkjetenar	100% ved Sør-Fron kyrkje
Kyrkjetenar	16% ved Espedalen fjellkyrkje
Menighetspedagog	80 %
Klokker	30%

Totalt 4.06 årsverk.

Kyrkjevergen har ikkje vore i teneste i 2013. Stillinga har vore dekkja av vikarer, Synøve Barlund Fladby har hatt 20%, Helge Rønningen 20% pluss enkelttimer frå 1. april, og Kristian Haave 20% pluss enkelttimer frå 1. september. Eldrid Listad har og stilt opp på tilkalling og vore til stor hjelp. Menighetspedagogen slutta i stillinga 20. februar. Josef Nerli har vore vikar/ ekstrahjelp ved Sør-Fron kyrkjegard.

Graver er Hans Myren frå Ringebu.

Sommarhjelp til kyrkjegarden var Henrik Aspen og Stian Krohn Baukhol.

#### **AVSKJED FOR MAGNAR ELDE:**

Den 14. juli var det avskjedsgudsteneste for soknepresten vår sidan 2009, Magnar Elde.

Godt og vel 120 sambygninger og andre deltok i gudstenesta og nesten like mange på servering og program i kapellet etterpå.

Soknerådsleder Kristian Haave leda festen.

Dagny Kristiansen åpna med sjølvskrivi prolog og denne var treffande.

Det vart servert rømmegraut og karbonade, og kaffe og kaker.

Det var taler og gaveoverrekkingar frå Prost Per Halstein Nielsen, ordfører Ole Muriteigen, Arild Larshaugen og Kristian Haave.

Både Magnar og fru Kristin fekk med seg mange vel fortente rosende og takkens ord på reisa frå Sør-Fron.

Sønene Eystein og Halvor deltok og på avskjedsfesten. Halvor sang med akkompagnement av Sergey Shulga.

## **INNSETTING AV KRISTINN OLASON:**

I hautnummeret 2013 av Kyrkjebladet skreiv redaktøren bl.a følgjande:

«1.september ble Kristinn Olason innsatt som sokneprest i Sør-Fron. Det skjedde i Sør-Fron kyrkje med prost Per Halstein Nielsen ved alteret. Det var 4 søkere til stillingen. Olason ble valgt etter en samlet vurdering. Han har vært leder for kirkelig senter på Skalholt på Island i nærmere 7 år. En meget lærd mann som snakker godt norsk. Jeg gleder meg over at han er på plass sier prosten i Sør-Gudbrandsdal prosti, Per Halstein Nielsen.»

Med seg til prestegarden og Sør-Fron har han med kona Harpa Hallgrimsdottir.

Soknerådsleder Kristian Haave ønskte det nye presteparet velkommen til Sør-Fron under innsettingsgudstjenesta.

Ellers syner ein til egen artikkel om Harpa og Kristinn i nevnte kyrkjeblad.

## **KYRKJE, KAPELL OG KYRKJEGARD.**

Lørdag 25.april var det dugnad på kyrkjegarden med omlag 50 frammøtte. Alle fekk servert mat i kapellet etter arbeidsøkta.

Det er ikkje utført ekstraordinært vedlikehald i 2013.

Soknerådet har vurdert framtidig vedlikehald og her kan ein nevne:

- Bygningsutvalget har fått i oppdrag og forberede for soknerådet sak om renovering av Sør-Fron kapell i god tid før sommeren 2014.
- Reparere eller anskaffe nye lukeanordninger for klokkene i Sør-Fron kyrkje.
- Fullføre skiltrenovering over og maling ved hoveddør Sør-Fron kyrkje.
- Undersøke sprekkdannelser i taket inne i Sør-Fron kyrkje.

Det arbeides fortsatt med ny driftsbygning for kyrkjetjener og ny oppvarming av Sør-Fron kyrkje.

Det er ikkje gjort ekstraordinære tiltak i Espedalen Fjellkirke.

Ved soknerådet sitt møte i Espedalen i august vart det gjennomført ei befarings på anlegga.

- Brua mellom kyrkja og gravholmen må renoveres.

Kyrkjegardane er godt ivaretatt av kyrkjetenarane våre, Arnt Ove Voldbakken, Arild Larshaugen og Josef Nerli som og dette året har vore vikar.

Sommerhjelpene var flinke og utførte eit godt arbeid.

I Sør-Fron kommune sitt investeringbudsjett for komande 4 år, ligg det inne ei ramme på 2.5 mill. kroner for låneopptak i samband med ny driftsbygning for kyrkjetenar samt ny oppvarming av kyrkja. Det er godkjente planer som mangler.

## **KYRKJEBLADET**

Kyrkjebladet kom i 2013 ut med 4 nummer, og vart trykt i underkant av 1700 eksemplar.

Kontingenten vart heva til kr. 150,-. Frå 375 betalende kom det inn kr. 56.250,- Frå private og offentlege institusjonar fekk bladet kr. 3.756,- i gaver. Utgifter til trykking og porto i 2013 var i underkant av kr. 90.000,-

I redaksjonen: Soknepresten, Gudveig Rønn og Karl Olsen.

## **SOMMERÅPEN KYRKJE/ BLOMSTERKORT**

Sør-Fron kyrkje var åpen for turistar frå 24. juni til 17. august. Det var Eldrid Listad og Synøve Barlund Fladby som stod for organiseringa og sette opp vaktliste. Det gjekk greitt å få folk til å ta vakter og vi er svært takknemlege for frivillige som stiller opp år etter år. Åpningstida er frå kl.10.00 til kl. 15.00. Det har vore spørsmål frå Pilegrimssenteret om å ha kyrkja åpen om morgonen og utover kvelden, men vi synes det er vanskeleg da vi i tilfelle må ha to skift. Det var ca 1200 personar innom kyrkja og det vart seld kort, cd-ar og jubileumshefte for kr. 4090,-.

Blomsterkort/ kondolansekort er fortsatt å få kjøpt for kr. 50,-. Det har vore lite salg av desse, Eldrid Listad har difor gjort ein innsats for å få opp salget. Det er hengt opp plakater og korta ligg for salg hos Sparebank1, Prix Sør-Fron og Joker Hundorp. I tillegg er dei i salg på kyrkjekontoret og hos kyrkjetenaren

## **TRUSOPPLÆRINGA**

Opplegget med trusopplæring har vorte litt amputert i 2013 da trusopplærar Hanne Knutsen slutta i stillinga 20. februar. Vi har likevel prøvd å halde kontakt med dei ymse aldersgruppene. Prosjektmidlane som følgde stillinga til Hanne gjekk ut 1. juli 2013. Etter det er det «nye midler/ prostimidler» som skal gå til dekking av ei 80 % stilling saman med Ringebu. Sør-Gudbrandsdal prosti er delt i to regionar når det gjeld vidare arbeid med trusopplæring. Region Sør som er Lillehammer, Region Nord er Gausdal, Øyer, Ringebu og Sør-Fron med Ringebu som Vertsfellesråd og formell arbeidsgjevar. Trusopplæringsutvalget som tidlegare har vore ei støtte for trusopplæraren har av diverse årsaker ikkje vore i funksjon dei siste åra. Det har vore dei andre tilsette som har vore medhjelparar saman med ein frå soknerådet ved nokre høve. Det er viktig for oss å få på plass nytt utvalg til den nyttilsette skal tre i kraft.

### **Trusopplæringstiltak som har vore gjennomført i 2013 er:**

- \* dåpssamtaler.
- \* Det har vore sendt ut 1-2 og 3 års dåpshelsing
- \* Barnehagevandring i kyrkja før jul
- \* 1 aventssamling for 4-åringar pluss gudsteneste med utdeling av «Mi eiga kyrkjebok»
- \* Dåpsskule over 2 kveldar og utdeling av boka «Tre i eit tre» for 1. klassingane.
- \* Utdeling av bibel til 5.klassingene. Soknepresten besøkte skulen i etterkant.
- \*Konfirmantundervisning med leir i Håkons Hall saman med ca. 1000 andre.

## **KONFIRMANTUNDERVISNING**

Soknepresten har hatt undervisning og konfirmasjon med 41 ungdomar, våren 2013. Organisten har vore med på noko av undervisninga. Konfirmantane deltok i gudstenester der dei hadde kvar sine oppgåver. I februar deltok dei fleste av dei på konfirmantleir på Lillehammer. Det var eit opplegg for konfirmantar frå heile bispedømmet. I alt var det samla rundt 1200 personar til leik og alvor i Håkons hall desse dagane. Grappa leikte, løste oppgaver, ba, vart kjent i Bibelen og hadde samtale om viktige ting i livet. I Håkons hall var det konfirmantundervisning med mange dyktige folk og med felleskap rundt gode måltid. Det var mange lærerike og opplevelsesrike aktiviteter på Lillehammer, i Øyer og på fleire av OL-anlegga, ballspel, bading, dans, band og kor. Flott program fra scena i Håkons hall med flinke musikere.

Under fasteaksjonen gjorde alle ein fin innsats med å gå frå dør til dør og dei fekk samla inn kr. 27.303.-

Etter samtalegudstenesta var konfirmanter og foreldre samla i prestegarden hos Kristin og Magnar der dei fekk servert pølse m. lompe, i tillegg til kaffe og kaker. Ein fin og triveleg tradisjon. Konfirmantkullet for 2013/14 er 32 ungdomar. Dei var med på lysmesse 8. desember m. samling i kapellet etterpå.

## **GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGER**

Det har vore totalt 60 gudstenester i 2013. Disse er fordelt på kyrkjene Sør-Fron og Espedalen, Sørheim Omsorgssenter, Tofte skule, Øvertun grendahus og Harpefoss grendahus.

\* Den planlagte pilegrimsmessas i Skar i juni måtte avlyses på grunn flom og ras.

\* Palmesøndag var det messefall på grunn av dødsfall i sokneprestens familie.

Elles har alle gudstenester vore gjennomført etter planen. Soknerådet, konfirmanter og andre frivillige stiller trufast opp som kyrkjevertar og tekstlesere.

Det er gledeleg at mange møter opp i kyrkja når det er dåp eller ymse opplegg i samband med trusopplæring eller konfirmanter, 50-års konfirmanter, hausttakkefest og fleire. Mange som har flytta ut frå bygda kjem attende for å gifte seg eller døype ungane sine i Sør-Fron. Dei ordinære gudstenestene utan noko ekstra er dessverre ikkje så godt besøkt.

\* Etter gudstenesta 24. november var det soknemøte ang. innføring av ny salmebok. Vedtaket vart at det skulle kjøpast inn nye salmebøker til kyrkjene i både Sør-Fron og Espedalen.

\* Det har vore 45 gravferd/jordpåkastingar frå Sør-Fron kyrkje i 2013.

Dette viser at året rundt er det mange gravferd og oppleving av menneske si sorg, men kyrkjelivet er og prega av mange gledelege kyrkjehandlingar som barnedåp, vigsler, konfirmasjon og andre hendinger.

\* Det har vore 41 dåp, 27 av dei er busett i soknet så vi har da ca. 1/3 frå andre sokn, men som regel kjem ein av foreldra frå Sør-Fron.

\* Eit barn busett i Sør-Fron er døypt i Sødorp kyrkje.

\* Det har vore 15 vigsler i 2013, dei fleste bor i soknet, eller har foreldra sine her.

Det er eit puslespel ( særleg for prostene) å planlegge bemanning for vigsler på sommarstid da det er lite vikarer, og prestene i prostiet må vikarere for kvarandre. Vi har så langt greid å oppfylle ønskene til brudepara.

\* Ein stor takk til dykk som trufast møter opp på ordinære gudstenester og held liv i kyrkjelyden.

### **DIAKONIUTVALGET:**

Diakoniutvalget for 2013 har vore:

Tine Elisabeth Slang (leder), Mari Johanne Dalseg (kasserer), Eldrid Listad, Oddveig Strand, Kari Hovemoen, Hildur Skurdal og Ivar Hovden.

Reserve: Åse Stebergløkken, Ruth Korstad, Jorunn Sagbakken og Astrid Gryttingslien.

Inntektene vi har er kr 30 pr person ved høgstdagsbønene og skjærtorsdag.

Det har vore to møte i utvalget. Diakoniutvalget har steikt vaffel ved høgstdagsbøn som før. I tillegg har vi servert kveldsmat på skjærtorsdag og bevertning på rakedagen. Det nye vart at vi inviterte Psykisk helsevern og Flatmoen aktivitetssenter til høgstdagsbøn. I tillegg trygdeboligane på Sør-Fron ved aldersheimen. Det er annonsert med skyss til høgstdagsbøn med pris på kr. 30. Den blir auka til kr. 50.

### **Diakoniutvalget har i 2013 gjennomført følgjande:**

8 samlinger med Høgstdagsbøn med mellom 18 og 30 frammøtte. Det er gode samlinger som starter med ei liturgisk avdeling med orgelspel, veksellesing, salmesang, andakt og bøn. Etter ei pause med kaffe og vaffel har vi hatt besøk av ymse aktørar med underhaldning. Dei som har stilt opp med innslag er: Dagny Kristiansen med sjølvskrivne dikt, Hanne med babysongen, Ludmila med russisk song, Tine og Sergey med «for to fiolinar» av Sjostakovitsj, Strandklang, Ola Løkken og Henry Eggen med orgel og trombone, Ruth Molvik med ymse opplesning, barnehageungar frå Midtbygda med sang, Kristinn og Harpa med duett og Kristian Haave med minner frå det levde liv.

Skjærtorsdag 23. mars vart det servert trøndersodd m. loff og kaffe og kaker til 41 personar etter gudstenesta. «Lysglimt» song eit par songar, og vi hadde allsong med mange fine påskesalmar.

Laurdag 27. april var det dugnad på kyrkjegarden, fint vær og mange møtte, folk kjem ved 9-10 tida og gjer ein stor innsats.

Allehelgensdag, søndag 3. november var det servering i kapellet etter gudstenesta. Det var ikkje fullt i kapellet, men mange set pris på denne samlinga.

### **Tur til Heidal.**

12. juni var den årlege turen for «Høgstdagsbøna». Turen gjekk til Heidal og første stopp var Heidal kyrkje. Vi var samla til høgstdagsbøn der, da både prest og organist var med.

Det var mye sang i bussen, når den stoppa var det felemusikk v. Magnar Elde. Det var liv og underholdning heile tida. Det var kaffestopp på Veistad kafé, der hadde vi god tid til å sjå oss omkring og handle på Fantasihuset. Strålende sol og god atmosfære. Etterpå var det middag på Heidal nyrestaurerte hotell. Ein fin stad der det vart servert elgsteik, dessert og kaffe.

Vi var i alt 39 personar på turen.

### **MUSIKK I SØR-FRON KYRKJE 2013**

13.mars, 9.april og 21.april hadde vi «Primo vere» korkonsertserie med Sel Sangkor, Sør-Fron Sangkor, Lesja og Lesjaskog Sangkor, Ringebu Sangkor, Norsk et lite kor, Ranglarkampen Kamferkor, Vågå sangkor, Sør-Fron Barnekor og Lesja Barnekor som deltakere. Det var satt opp to kor på hver konsert. Vi serverte kaffe med kringler i kapellet til utøverne etterpå. Det var tilsammen ca 190 tilhørere og ca 170 korister fra hele Gudbrandsdalen. Alle konsertene var gratis, med en frivillig gave ved utgangen. Det kom inn kr. 4061,- i gaver.

31.mars, 1. påskedag hadde tidlegere elever ved musikklinja på VVS og Åshild Alette Haugstad gjensynskonsert.

I perioden fra 26.juni til 14.august foregikk det 8 pilgrims-konserter:

Åpningskonsert den 26.juni med James Dickenson (det har blitt en god tradisjon at James åpner sommerkonsertene)

03. juli Sergey Shulga orgelmusikk

10. juli Robert Brodacki, organist i Toten - orgelmusikk

15. juli Studenter ved NMH sang med orgelmusikk

24. juli Gia og Filip Gade sang, fiolin og orgel

31. juli Lena Lien med saxofon

7. august Justin Surdyn Trompet med Vegard Moshagen som akkompagnatør

14. august avslutningskonsert med Tom Willy Rustad (folkemusikk) og Ida Rønshaugen på saxofon

Det var til sammen 218 tilhørere, det blir i gjennomsnitt 31 pr. konsert.

Alle konsertene var gratis.

06.august: Per Gynt stemnet hadde en kirkekonsert sammen med Karoline Kruger, Sigvart Dagsland, Vestoppland kammerkor, Britt Langlie og Sergey Shulga.

10. november Fossajazz hadde jazzkonsert med Robert Hanlon, Robert Ackerman og Pam Purvis som gjestesolister.

22. november Hanne Krogh og tre tenorer kom til oss med julekonsert, Sør-Fron sangkor var med på dette som lokalartist.

1. desember ble det arrangert konsert "Fattigstjerna" (Øyvind Sund) med deltagelse av Norsk et Lite Kor og stort barnekor fra Nord-Fron.

06. desember – VVS sin årlige konsert. Det er alltid en stor opplevelse å se og høre disse unge gode utøvere.

15. desember var det duket for Bygdas egen julekonsert med mange lokale deltagere: elever ved Fron kulturskole: Emma Wassrud, William Rustad, Sondre Moshagen, Nikita Baschong; solo artister: Andreas Vangen Andersen, Øystein Rudi, Vegard Moshagen, Harpa Hallgrimsdottir, Hundorp Musikklag, Sør-Fron sangkor og Sør-Fron Spellmannslag. Ivar Hovden ledet konserten. Sergey Shulga og Karl Olsen stod for planlegginga.

## **NYTT FESTMESSEHAKEL OG LESEPULTKLEDE**

Juleaften 2013 fikk Sør-Fron kyrkje overrakt en praktfull gave. Det var et nytt, hvitt festmessehaugel med stola og lesepultklede i samme stil.

En storslått gave som er gjort mulig med midler gitt av Ingeborg og Gustav A. Nustads minnefond, fra sykebilfondet og med offergave fra menigheten.

Stoffet i messehaugelen, stolaen og lesepultklede er håndvevet i naturhvit og bleket silke, damaskteknikk. Renning er en blanding av ubleket og bleket silkestråd. Innslag av bleket silkestråd.

Framsiden har et kristusmonogram, bestående av de greske bokstavene X (chi) og P (rho), supplert med alfa og omega, som er vevet inn i stoffet med gullstråd.

Ved nederste venstre kant er det vevet inn et hvitt pilegrimsskjell med brodert kant i hvit silkestråd.

Ryggen har et stort kors, matt hvitt, kantet med hvit silkestråd blandet med gullstråd. Kantingen av korset framstår ikke like ”strålende” som strålene i gull som er brodert ut fra sentrum i korset. Stråleelementet er hentet fra en ”dekorasjon” over prekestolen i kirken.

Stolaen er utstyrt med enkle symboler som passer med symbolene på messehaugelen. Lesepultklede har fått det samme kristusmonogrammet som messehaugelen.

Både messehaugelen, stolaen og lesepultklede er foret med gult silkestoff.

Det fine arbeidet er utført av tekstilkunstner Oddny Ravlo Haugen frå Vevstuggu i Verdal'n.

## **ESPEDALEN FJELLKIRKE**

2013 var året vi sa farvel til prest Magnar Elde og ønska Kristinn Olason velkommen.

Det har vore 10 gudstenester i Espedalen Fjellkyrkje dette året. 5 med prest frå Sør-Fron, 2 med prest frå Gausdal, og 3 med prostiprest/ sommarvikar.

Martha Megrund er utruleg, ho har stillt opp som tekstlesar på kvar einaste gudsteneste dette år!

\*Påskan i ord og toner, langfredag 29. mars var godt besøkt med 35 tilstades.

\*16. juni var det avskjedsgudsteneste for Magnar Elde, det var dei faste som var i kyrkja ca 15-20 personer, vi hadde ein trivelig kykjekaffe etter gudstenesta og overrekte Magnar ei fin teikning av fjellkyrkja som Lise Sanberg har teikna og som Arnt fekk rame på.

\*Sommargudstenesta vår den 21. Juli var også godt besøkt med over 50 deltakarar.

\*Og den 4 august hadde vi i tillegg til Martha som tekslesar også tekstlesing på tysk, da dei faste gjestane våre frå Dalhaugen var tilstades.

\*Hausttakkefest vart feira på tradisjonellt vis 29. september, med godt besøk,

65 var i kyrkja denne dagen, det var også avskjed for Steinar Floberg som slutta som prest i Vestre Gausdal. Vi hadde og besøk frå ungdomskor gruppa i Gausdal sangkor, som gjorde ein flott innsats. Vi hadde difor ekstra god og mykje kaffemat denne dagen, det vart ein fin dag og vellukka takk til Floberg, med ei teikning av fjellkyrkja slik som Magnar Elde fekk.

\*Det var juletreffest 27.desember. Godt besøkt som vanlig, og mykje gode kaker og varm sjokolade vart servert alle fremmøtte.

\*Romjulgudsteneste 29.desember kor Sør-Fron sangkor deltok. Som også var den fyrste Gudstenesta til Krisinn her i Espedalen, 60 personer i kyrkja denne dagen.

Tusen takk til Else Megrund som stiller opp og kokar kaffe, etter kvar einaste gudsteneste og ikkje minst sørgjer for kaffemat. Det er uvurderlig for dei som reiser så langt for å kome til Gudsteneste. Ellers hadde vi ein sær sars vellukka dugnad ute og inne ved kyrkja 5.juni. Det var godt oppmøte, og vi fekk rydda mykje kvist, og klypt ned mykje kjerr, som kjem opp rundt kyrkja.

Arnt held kyrkja svært godt i orden både ute og inne, vi sørga for glaspussing, støvtørking og rundvask på toalettane.

I august hadde vi soknerådet på besøk i Espdalen, og i den forbindelse foretok vi ei befarings på brua som går ut på Gravholmen, ho er merka av tida, og rekkverket på eine sida er laust og på veg til å dette ned. Dette vil vi gjera noko med våren 2014, Arnt planlegg ei utbedring.

Menighetsutvalet har bestått av:

Birgit Dalen,

Ragnar Langvegg,

Turid Gillebo, kasserar

Berit Bredli.

Vi har også spurt Margret Eggen om hjelp når vi andre frå rådet ikkje kan møte i kyrkja.

### **LITT FRÅ ÅRSSTATISTIKKEN ( tal frå 2012 i parentes)**

I 2013 vart: 41 (41) born døypte, 27 av desse var busett i soknet  
40 ( 38) ungdomar vart konfirmerte  
15 (14) par vart vigde  
45 (54) vart gravlagt  
3 (3) meldte seg inn og 2 (2) meldte seg ut av Den Norske kyrkje.

Det var totalt 60 gudstenester i Sør-Fron i 2013 (10 av desse i Espedalen) med tilsaman 4965 deltakarar (4631). Det blir eit snitt på 82,75 pr. gudsteneste.

Det var 8 samlinger med høgstdagsbønn og 10 andakter på Sørheim

Antal nattverdgjester: 587 (571).

I offer kom det inn kr. 43.393,00	til eigen kyrkjelyd	(kr 41.638,50)
	kr. 23.726,00	til andre føremål (kr. 22.866,00)
	kr. 27.303,00	til fasteaksjonen (kr 24.887,50)
Totalt	kr. 94.422,00	(kr. 89.392,00)

Takk til alle frivillige medhjelpere i 2013.

Soknerådet.